

# **Møte i FAU ved Meland ungdomsskule**

**Dato: 7. januar 2019 kl 19-20.**

Til stades:

Hilde Brendehaug Hugaas (rektor)

Lilli-Ann Hagen (8A)

Monica Hjelmtveit (vara, 8B)

Mona Grasdal Lampa (9A)

Aslaug Aalen (9B)

Nina Cecilie Spurkeland (10A)

Meibel Våge (10B)

Ikkje til stades:

Erik Steffensen (8B)

Sakliste:

20. Godkjenning av referat og sakliste

21. Evaluering av neonparty

22. Budsjett 2019 - kva blei resultatet for Meland ungdomsskule?

23. Ny ungdomsskule - status og tiltak framover

24. Aktivitetskveld 23.januar

25. Skuleball 15.februar

26. Arbeidsform og kommunikasjon i FAU, epost/facebook osv.

27. Info frå rektor

28. Eventuelt

## Referat frå FAU-møtet

#	Sak	Status/Argumenter	Aksjon
20.	Godkjenning av referat og saksliste.	Godkjent.	Det mangler vara for 9A. <b>Rektor</b> sørger for at kontaktlærar for 9A trekkjer ut ein vara dersom ingen melder seg frivilleg. Varamedlem må være på plass innan neste møte (11. februar).
21.	Evaluering av neonparty	Vellukka arrangement med positive tilbakemeldingar frå elevane trass i en del «hendingar». Skulen positiv til at foreldre/FAU stiller som vakter og engasjerer seg i slike arrangement. Kontaktinfo til politiet nyttig. Sekkar må sjekkast og leggast i garderobe. Streng regel om å ikkje forlate området i løpet av arrangementet. Passeleg med vakter ut frå elevar (ca 10-12 vakter på 60-70 elevar). For mykje pizza (4 per klasse). Må sjekke at utlånsnøkkelen gir tilgang til brannskap pga lang utrykningstid for kommunen ved «falsk alarm» (då rykkjer ikkje brannvesenet ut).	<b>Leiar FAU</b> tar kontakt med UNG Meland og elevrådet med tanke på neste års arrangement. FAU har eit sterkt ønskje om at UNG Meland er medarrangør på eitt arrangement i året. Elevrådet må få beskjed om at dei må være tidlegare ute med planlegging av arrangementet dersom FAU skal bidra.
22.	Budsjett 2019 - kva blei resultatet for Meland ungdomsskule?	Skulestruktur uendra. Skulane får tilbakeført ca kr 1,5 mill som skal fordelast på skulane i kommunen. Kantine og TL-ordning blir mest sannsynleg vidareført. Reduksjon frå to til ein kontaktlærar, samt ekskursjon/turdag/utflukter er usikkert. Fordeling vil bli avgjort på møte mellom rektorane i nær framtid. På grunn av auke i elevtal	<b>Rektor</b> orienterer FAU om utfallet av møtet mellom rektorane på neste FAU-møte (11. februar).

#	Sak	Status/Argumenter	Aksjon
		neste skuleår vil det kome brakker/modulbygg frå hausten. Det vil gi tre nye klasserom.	
23.	Ny ungdomsskule - status og tiltak framover	Sjå også sak 15 frå førre møte. Vedtak om ny ungdomsskule vil bli gjort av nye Alver kommune, dvs tidlegast i 2020. Meland kommune jobbar vidare med tomteplassering. Rundkjøring og gang- og sykkelveg må på plass før skulen kan stå klar. Iflg Vegvesenet vil det tidlegast skje i 2023. Planlegging av skule kan likevel skje parallelt, men uansett vil ny skule i beste fall vere klar i 2023. Kommunen har sett av midlar til tomt og dei jobbar med arealplanlegging.	<b>Leiar FAU</b> lagar utkast til brev til dei tre ordførarane i nye Alver kommune. Brevet skal sendast frå FAU og elevrådet. Hovubodskapen i brevet er ein etterspurnad etter tidsplan og framdrift i «Prosjekt ny ungdomsskule i Meland». Utkast til brev går også til rektor, som vil få innspel frå ressursgruppa på skulen. FAU vil informere media om brevet.
24.	Aktivitetskveld 23.januar	Det blir aktivitetskveld for 8. klassetrinnet onsdag 23. januar kl 18.  Opplegget er foredrag for foreldre og aktiviteter for elevane. Det blir kafé med sal av kaffi og kaker etc.  Rektor ynskjer også å ha eit foreldremøte same kveld. Elevane ser film.  Slutt ca kl 20.30.	<b>Rektor</b> sender ut invitasjon og ordnar alt det praktiske, inkludert invitasjon og inndeling av elevane i sju grupper. FAU har ansvar for gjennomføring av aktiviteter for elevane, inkludert innkjøp. <b>Rektor</b> skaffer to personer som kan bidra til gjennomføring. Frå <b>FAU</b> stiller fem: Nina og Eili (10A) Aslaug (9B) Meibel og Siv Ingunn) (10B)  <u>NB! Oppmøte på skulen kl 17.30.</u>

#	Sak	Status/Argumenter	Aksjon
25.	Skuleball 15.februar	10. trinn er arrangør av skuleball. FAU stiller med 2 vakter og 3 pizzaer per klasse.	<b>Kvart FAU-medlem</b> må skaffe 2 vakter og 3 pizzaer (per klasse). Detaljane rundt arrangementet blir tema på neste møte (11. februar). <b>Rektor</b> kallar inn «ballkomiteen» frå 10. trinn/elevrådet til dette møtet.
26.	Arbeidsform og kommunikasjon i FAU, epost/facebook osv.	Kommunikasjon på e-post fungerer greit, men semje om at det også skal opprettast ei gruppe på Facebook der også varamedlemmene er med.	<b>Nina</b> oppretter ei gruppe på Facebook og inviterer alle med.  <u>Møteplan våren 2019:</u> 11. februar kl 19-20 25. mars 19-20 6. mai 19-20 SU-møte 25. mars kl 18-19 ( <b>rektor</b> kaller inn).
27.	Info frå rektor	a) Skulen planlegg kveldsskule i løpet av våren 2019 etter «mal» frå tidligare år. Rus foreslått som tema. FAU kom med innspel til aktuelle foredragshaldarar. b) Resultata frå elevundersøkinga for M.usk. er klar. Skulen ventar på dei nasjonale resultata for samanlikning.	a) Planlegging av kveldsskule tema på neste møte (11. februar).  b) Resultat frå elevundersøkinga tema på møtet 25. mars. <b>Rektor</b> sender ut info til FAU før møtet.
28.	Eventuelt	Elevar frå Grasdal som tek bussen kjem til skulen ca ½ time før skulestart, og då har dei mobilforbod så lenge dei er på skulens område. Rektor forklarte at det skuldast mobbesaker knytt til mobilbruk på skulens område. Resultatet blir at elevane i staden «heng» på Rema/Kiwi.	<b>Rektor</b> vil ta opp på personalmøte om det skal vere tillate med mobilbruk på skulens område før skulestart.